

Til
Sogn Regionråd
Kommunane i Sogn

Samanheng mellom System for styrka læring og planlagt hovudprosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn.

Programstyret i System for styrka læring fekk i møte 27.05.14 prosjektplanen for felles PP-teneste i Sogn til orientering. På same møte vart programstyret kjend med vedtaket i Sogn regionråd om overordna programplan for System for styrka læring, og handsama på bakgrunn av dette framlegg til tiltaksplan i programmet.

Hovudmålet i System for styrka læring er «Å auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning». Programstyret ser at det er ein klar samanheng mellom hovudmålet i System for styrka læring og hovudmålet i prosjektet om felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Vi ynskjer å spele inn at det kan vere gunstig å koordinere arbeidet i dei to prosjekta for at ein skal kunne oppnå ønska mål.

Det er for tida sterkt fokus på PP-tenesta. Meld St 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap* peikar på tidleg innsats og gode læringsmiljø med redusert behov for spesialundervisning som sentrale føresetnader for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov. I den samanheng knyter det seg fire klare forventningar til PP-tenesta:

- Er tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng
- Arbeider førebyggjande
- Medverkar til tidleg innsats i barnehage og skule
- Er ei fagleg kompetent teneste i alle kommunar

Vi reknar med at førenemnde ligg til grunn for at Sogn regionråd no vil sjå på organiseringa av PP-tenesta i regionen der ein legg opp til ein god prosess som resulterer i ei styrka PP-teneste i lys av desse føringane. På bakgrunn av førenemnde var det i programstyremøtet 27.05 drøftingar om at ein bør sjå arbeidet i dei to prosjekta i ein samanheng. Begge prosjekta vil mellom anna måtte involvere, og sette store krav til PP-tenesta det komande året. Vi ser at PPT er tenkt som deltakar i prosjektgruppa i hovudprosjektet for PP-tenesta, og reknar med at prosjektet utover det må involvere heile tenesta i dei planlagde prosessane. Programstyret ser i tillegg at det er nødvendig med deltaking frå PPT i arbeidslaga knytt til ulike programområde i System for styrka læring. Det vil bli lagt inn i framlegget til tiltaksplan i programmet, og vil mellom anna bidra til samanheng med PP-prosjektet. Dette kan ha som konsekvens at ein i ein fase vil få eit press på kapasiteten i PPT, utover det som eventuelt allereie eksisterer, noko som ligg innanfor PP-eigarane sitt ansvarsområde.

Programstyret finn det difor rett å peike på ovanfor både Sogn Regionråd og PP-eigarane i regionen at ein slik kan stå ovanfor eit dilemma når det gjeld kapasitet og prioriteringar i PPT i ei tid framover. Samtidig som både barnehage- og skuleutviklingsprogrammet System for styrka læring og prosjektet for felles PP-teneste i Sogn er gode og framtidretta tiltak med ei ressurseffektiv PP-teneste og redusert bruk av spesialundervisning som mål, kan effekten i ein overgangsfase vere liten og kanskje negativ dersom ein ikkje ser prosjekta i samanheng og koordinerer tiltaka.

I større endringsprosessar som både omfattar endringar av strukturar, men ikkje minst endring i arbeidsmåtar kan det ta tid å realisere endringar som kan gi målbare resultat i ønska retning. Vi ser føre oss at ei koordinering/samordning av tiltaka i dei to prosjekta og ei god involvering av PP-tenesta vil vere ein stor fordel for ønska måloppnåing.

Med helsing
Programstyret i System for styrka læring